



— Lagsblad —

Nr. 8.

November 1920.

3. aaret.

PROLOG

TIL OPNINGI AV NORSK MARKNAD

(Av Jens Tvedt).

Det gjekk so faarleg ei helheims-rid
i gjennom folke vaart no ei tid:
Det *giren* var etter det som glansa,
og difyr alle kring mammon dansa.
Mest ingen gaadde at blodet skvatt
der dansarlyden sveiv dag og natt,
for musikantane leika fult
so allting tedde som gulle gult.

Og gulle rulla, og gulle rann
med' millionen i bringa brann.
Flest alle gløynde den gamle læra
at môr og får skal me vyrdsamt æra
so fær i lande me liva lenge, --
i lande som me av gud hev fenge.

Den galne hopen i surpa aula,
og verste faamingen høgmælt gaula:
Aa skit i lande, naar berre eg
kan drikka, eta og vidka meg! --
Ein million gjev eg stakars får
og let han kjøpa ein herregard, --
for sagte veit ein daa kven ein er!
Eg sjølv meg etlar ei reiseferd --
til Monte Carlo og der, er tanken,
for gud! -- kor leid eg er vadmaals-stanken
og kiste-gimen fraa bondebygdi. --
Kulturen, mine herrar, det er dygdi!
Alltingen ute, der folk er fine
i klæ og mat, ja i ord og mine, --
kultur det er, og so herleg grumt!
Men heime -- fy, her er kaldt og skumt

so alt vert surt og so nauta-ale
som „maul“ og mysa og anna gale.
Maa *vi* med kultur og spraag-sjeni
fyr alle mikstum faa vera fri. --
Skjenk sjampis her! -- for sjaa frua mi
hev silkekaapa med graaverk i.
Og eg hev aksje baa' her og der
so rik og snart som ein Krøsus er,
og det er vel fankeren dygdi! -- --

Ja, slike sette si nos i sky,
so elgje-kante du maatte spy: --
Dei spikka english og parla fransk
og kvardagsmaale var lire-dansk.
For sjølvsagt var dei so altfor fine
at ei dei tala som alle hine:
Naablæss' aablisj: -- det er soleklaart,
naar universe er einast *vaart*.

*

Men braatt so enda den øre svir,
daa aksje-lappen vart graatt papir.
For gulle, godtfolk, det heimatt trilla
til mammons-kjellaren „Zions Villa.“

Med' arme traven dregst harm og sliten
med tome tølor og -- jøde-skiten,
so kjem parolen um verdenspakti,
um folkeretten og terror-makti.
For myrkheims fyrsten han driv sitt spel:
vil øyda ætti og frygda Hel.

*

Kva no vil henda, slett ingen veit.
Og naar det endar, er like eitt. —
Di lyt me vona det *ei-leids* lagast,
so yver ætti det atter dagast.

Men vil me tryggja *vaar* folkegrein,
daa trur me vegen er berre ein:
Vaar hug maa heimatter vendast. —

Gunnar Løvik

var 50 aar den 6/11.

Det er eit sjeldsyn at aktive lagsfolk i Bondeungdomslaget fyller 50 aar. Naar Løvik høgtida denne merkedagen sin stod han ikkje berre som aktiv lagsmann, men kunde sjaa attende paa eit langt og

godt arbeid i laget. Me skal ikkje her rekna upp dei ymse tak han hev teke gjennom aari, men me torer trygt segja, at utan Løvik si varme interesse og store dugleik vilde Bondeungdomslaget idag ikkje stande so godt, økonomisk og kulturelt, som det gjer. Ikkje nokon lagsmann hev daa heller vore nytta so mykje i dei ymse styre som Løvik. Utan avbrot hev han vore med i anten lags- eller lagsbruksstyret sidan 1904. Han var formann for laget 1910—1913 og formann i lagsbrukstyret 1914—1916 og sit framleis i dette styret.

Me ynskjer at Løvik enno i mange aar maa faa helsa og høve til aa vera med i lagsarbeidet.

Norsk marknad

Som vart halden fraa sundag 25/10 til tyrsdag 2/11 samla mykje folk kvar kveld, og gjekk i det heile betre enn ein etter tilhøvi venta.

Bokmann Jens Tvedt gjorde vyrndnad paa oss med aa laga prolog, som han sjølv sa fram ved opningi. (Prologen finst ein annan stad i bladet.)

Marknaden var stort set tillaga, etter same mynster som dei me hev havt fyrr i Bondeungdomslaget. Det som sermerkte denne framum hine, var, at me denne gongen var endaa meir sjølvhjelpete enn fyrr.

Saumarlaget, som hev stræva og arbeidt kveld etter kveld i tvo aar, diska upp med so mykje fint handarbeid, at heile festsalen vart pryda med lokkande væne ting. Det var visseleg den største samling handarbeid som hev vore paa noko marknad i Bondeungdomslaget.

Med umsyn til den aandelege føda, so vart denne og for det meste ytt av laget sine eigne folk.

Spelarlaget hadde øvt inn 3 spelstykke: Mynaren, Laurdagskveld til støls og Stølsheg. 15 gjentor og gutar var med i spelet og Arne Espeland rettleidde ved øvingane, Stykki vart framsynte 3

kveldar kvar, og det synte seg ogso iaar som tidlegare, at dette er den beste lokkemat ein kann ha paa ein marknad.

Leikarringen var i elden fleire vendor. Leikarrarne greider sine ting godt. Det fører seg fint og naturlegt, og det viser seg jamt at folk er glad i leikarringen og dei norske leikarne.

Songarlaget og Mannskoret ytte ogso sitt med aa syngja tvo-tri kveldar og fekk lovord for songen.

John Litleskare var paa marknaden 3 kveldar og fekk laatten paa glid med dei originale skrønorne sine. Eivinn Tu spela fela og bladmann Th. Dahl fortalde smaastubbar (ein kveld kvar). Umfram dette var det musikk kvar kveld (piano og fela) av Lilian Hansen og Olav Flatøy. Lorentz Hop som hadde lova koma til opningi kom diverre ikkje.

Med umsyn til det økonomiske, so hev me enno ikkje full greide paa nettoen: men det er von um, at han vert noko større enn fyrr gongen.

I det heile maa ein segja, at marknaden gjekk godt.

Det hev vore mykje stræv for mange. Lagsfolk og andre hev ofra tid, pengar og arbeid; men det fyl gleda med

gagnlegt arbeid, og dette arbeidet hev ikkje vore til faanyttes.

Ein slik marknad er sjølv sagt ikkje tillaga berre for skuld pengarne. I seg sjølv bør han vera ei god lekkje i norskdomsarbeidet, og det er vonlegt, at ogso denne marknaden hev drege framyver i norsk leid. A.

Helsing til Bondeungdoms- laget, Stavanger.

Du Rogalands ungdom som flokkar deg her til *arbeid*, til gaman og kveik. Ei *fylking* i striden, dit merkje du ber i *norskdomens* vaksande leik.

Du alltid var *mergen*; ei oppkome rik av *ryggjernes* lynne og kraft. Og *ungdomens* dygder: ein blomster-
voll lik
i vænleik, du alltid hev havt.

Eg minnest deg før, og eg skodar deg no din *framgong*, din *finleik*, di *tru*.
Eg veit um ditt *arbeid*, din *trott* og
din *glod*
og eg ynskjer deg *lukka* og *ljøs*.

Eg helsar deg her, av hjarta, med takk for ditt *samhelde*, arbeid og strev. Og *minnet* det *fagre*, er skatten du gav til meg, og det *gøymer* eg trutt.

John Litleskare.

Nidaros-brev.

Laurdag den 23. oktbr. hadde Bondeungdomslaget i Nidaros haustfesten sin. Det var noko seint. men den evige husnaudi er alltid i vegen. Lukkelegt er laget i Stavanger som kann festa i eigne salar. Festnemdi hadde faatt tak i den gilde festsalen i „Haandverkeren“ og gjort alt som gjerast kunde for aa faa til ein hugnadsam fest. Og ved lysingar og uppslag lunge i fyrevegen gjort festen aalmenn kjend.

Fyrst paa lista var musikk. Eg var diverre so sein at eg ikkje fekk høyra

noko av han. So skulde høgskulelærer Todal halda festtala. Og han var god. I eit kort, greidt foredrag, framført paa klingande landsmaal med nordmørsk aksang, la han fram for ungdomen alt det nye, rotlause vimsute, som tidi er so full av no etter heimskrigen. I politiken er det kaos baade ute og heime. Klassekampen og sjølvbaten vil ta hêrreveldet og døyva alt anna. Stand staar mot stand, mann mot mann verre enn noko-sinne. Nye parti stig fram og vil visa nye vegar, nye kampmaatar vert tekne i bruk, men alle har eitt sams. aa arbeida for eigen bate utan umsyn til alle andre.

Paa det kristelege omraade har me og kaos, forvirring, og likeeins paa det kulturelle. Sekt staar mot sekt, nytt staar mot gamalt, og gamalt mot nytt. Skal det ramla, eller skal det stiga? Kven skal visa oss vegen ut or denne skoddeheimen. Har storkrigen sprengt sjælestrengene so mannaætti ligg att sjuk og vonbroti, ufør til aa reisa seg att? Kva veg skal me slaa inn paa er so det er bergingsvon? Attyver torer me ikkje, for der stengjer blodeimen med all sin fælske. Framyver skodar me i vilia, ingen veg, ingi braut som kann losa oss fram mot det rette, det sanne. — Men det finst daa ei og onnor fyrlygti paa livsvegen vaar. Me har vaare gamle, trauste merkesaker aa arbeida for. Me har maalsaki og me har vaar nasjonale atterreising i det heile. Og her bør bondeungdomslagi i byane gaa fyre og rydja veg for den store heri som etter kjem. Dei mange i fjelldalar og fjordbygder ventar og krev at bondeungdomslagi skal vera den trauste borgi som tek dei hardaste støytane og gjev den sikraste trygdi mot byen og bykulturen, so han ikkje et seg utover landsbygdi. Alle maa halda paa det heimlege, venda heimatt, heimatt til far, heimatt til mor og heimatt til fedraland.

Talen vart motteken med veldug fagning og formannen i festnemdi takka i velvalde ordelag. So gav songlaget nokre nummer og gjorde det svært godt. Deretter var det leik og anna. Og di lenger det leid di livlegare gjekk det, og kl. 3 daa det nærma seg enden var det

reint festlegt. Festformannen takka for frammøtet og lagsformannen takka festnemndi. So rusla folket heimetter.

Inge.

Maanaden som gjekk.

Norsk marknad vart avslutta tysdag den 2/11 etter aa ha vara i 10 dagar. Mm marknaden viser me til serskild melding ein annan stad i bladet.

*

Paa lagsmøte 11/11

var det foredrag av lærar Johs. *Hidle* um bisp Nikolaus og tidi kring kong Sverre. Det er alltid gildt aa høyra *Hidle* tala, og dette foredraget hans var utifraa baade i framføring og innhald.

Paa same møte laag fyre ymse saker fraa styremøtet 8/11:

Kyrkjenemnd for Stavanger. Framlegg fraa styret um saman med Stavgr. maallag og losje Rogaland aa skipa til ei nemnd, som skulde arbeida for aa faa norsken meir i bruk i den religiøse forkynning. Framlegget vart samrøystes vedteke, og til aa vera med i nemndi vart valde skulestyrar *Tveteraas* og *A. O. Vestbø*.

Innmelding i Rogalands maallag. Etter framlegg fraa styret vart samrøystes vedteke aa melda Bondeungdomslaget inn i Rogalands maallag. Aarspengane som laget lyt leggja vert 1 kr. for kvart medlem.

Offerdag til maalarbeidet. Vart vedteke aa ha ein slik sundag den 12. desbr. Programmat vert fastsett seinare.

Garborgfest. Det vart vedteke at ein saman med Stavgr. maallag skal skipa til ei festleg tilstelling paa Garborgs 70-aarsdag den 25/1 21. Til fraa laget aa vera med i festnemndi vart valde: *T. Aasland*, *H. Djuve* og *A. Løvik*.

Maalskule. Vart gjeve melding um at ein maalskule for vidarekomne skal setjast igong fraa januar.

10 nye lagsfolk vart upptekne.

*

Paa lagsmøtet 18/11

var programmet *ordskifte*. Kr. *Bær-*

heim fyreorda um „livevilkori for bymannen“ og *Tarjei Aasland* um „livevilkori for bonden.“ I ordskiftet etterpaa var forutan innleidarane desse med: *G. Løvik*, *Vestbø*, *Jul. Sømme*, *Fjellanger*, *Aurdal* og *Svendsbøe*. Noko serleg interessant kom ikkje fram i ordskiftet. Eit undantak var kanskje den sistnemnde talaren. Han vakte ikkje lite moro.

Bøker og blad.

Ogso iaar er det kome ikkje so faae bøker paa norsk, Millom bokmennenre nemner me: *Uppdal*, *Moren*, *Sletto*, *Seland*, *Tveito* o. fl. Ikkje aa gløyma *Tvedts* „*Vanheppa*“ i ny utgaava.

No etter kvart maa me maalfolk vera komne so langt, at me fyrst og fremst kjøper bøker paa norsk maal. I seg sjølv stend flestalle av desse bøker iaar fullt paa høgd med dei beste norsk-danske, so ein gjer seg sjølv største tenesta med aa kjøpa dei. Og sopas umtanke lyt det vera i oss, at skal me paa nokon maate stydja den norske bokavlen, so lyt me heretter stilla kravet til os: Les norskmaals-literatur! Og hjelp andre til aa faa norsk lesnad. Du gut og gjenta i Bondeungdomslaget, du hev visst ein eller annan i heimbygdi, foreldre, systkin eller andre som du vil hugsa med ei liti jolegaava. Kva likare kan du gjeva dei enn ei god bok paa norsk maal? Hugs dei med ei sovori bok!

Og *almanakka* daa som kvart vakse menneskje lyt ha. Kjøp norskmaalsutgaava! Ei overlag gild og nyttig almanakka vert iaar utgjevi av umbodsmannalaget *Trygd*. Me vil raada alle aa kjøpa denne.

Med det same nyttar me høvet til aa minna um *norskmaalsbladi*. Var det ikkje rett av oss um me no fraa nyaar av tinga minst eit sovore blad kvar av oss. Det er sjølv sagt ikkje berre rett, men maa kjennast som ei heilag plikt. Tidi er tung, serleg for norskmaalsbladi, di meir gjeld det, at me kjenner andsvaret. Ting difor det eller dei blad du tykkjer best um! Der er mange aa velja millom: „For bygd og by,“ „Norsk

Ungdom, „Ung-Norig,“ „Unglyden“ og mange feire. Desutan bør ein halda hovudorganet „Den 17de Mai.“

Norsk Marknad.

Vinstar som ikkje er henta:

Ski, ryggsekk, kjelke: Kjelke 891,
Cykel 1952,

Gardiner og portiere: Gardiner 440.

Sofaputor og veggteppe: Sofaputa
2366 — 609.

Bordteppe og serviettar: Bordreppa
1787 — 2693. Serviet 2128 — 561.

Ymse handarbeid: Brikke 660. Pa-
pirkniv 547.

Korgmøblar: Stol 1450.

Møtelista for desember.

Torsdag	2/12	<i>Foredrag</i> av fru <i>Marta Steinsvik.</i>
—	9/12	<i>Songarlaget — musik — opplesing,</i>
Sundag	12/12	<i>Offerkveld</i> til maalarbeidet.
Torsdag	16/12	<i>Foredrag</i> av chefsekretær <i>Mossige-Grude.</i>
Fredag	31/12	<i>Nyaarsfest.</i>

Næste nr. av Lagsbladet kjem eit par dagar fyre jol. Me vilde vera takksame for stykke til dette nr.

Skal De hava Dykk kaffi og mat

so gaa innum paa

Matstova eller **Kaffistova**

Øvre Holmegata

Østervaag 25

Skrivesaker ▷ Avisor ▷ Telefon

H. V. AURDAL

EKSPORT :: IMPORT - - - - en gros
AGENTUR :: EIENDOMSFORRETNING

Telefon 557.

Telegramadr.: „LAGER“.

*Ingen presenter
pryder og pynter
som blomster fra
Blomsterballen*

Alf Solheim

Østervaag 24

PAPIRFORRETNING
RAMMEVERKSTED

Lagsfolk! husk

at **musikinstrumenter**
strenger, noter og filbehør
kjøper De i

**Erling Næss Musik-
handel** Hjørnet Nygaten-Østervaag
Myhres murhus ∴ ∴ ∴

Gjev gaum!

Største og finaste utval i
**raamelistur, ovale
gullspeglar og raamur**
Innraaming av bilæte

M. Andreassens
raameverkstad : Ø. Holmegt. 25
Telefon 1469

BRØDRENE MAG

Nygaten 48

Telefon . 937
Butikken . 3083

**Malervare- og
jernvareforretning**

Telefon 102

A. IDSØE

KJØD- OG PØLSE-
FORRETNING ∴ ∴

GODE OG BILLIGE VARER!

Bygm. Emanuel T. Aspelund

Telefon 3161
TJENSVOLD

Alt Tømmer- og Indrednings-
arbeide utføres.

Tegninger og Overslag leveres.

Jonas Jørstad

Bokhandel
TIME paa JÆREN

*Send eit brevkort og det De ynskjer
vil verta tilsendt!*

SYMASKINER
STRIKKEMASKINER
BARNEVOGNER og
SYKLER

BEDST OG BILLIGST I
MASKINHUSET
(INDEH. THORVALD VEIRE)
BREDGATEN 9



A. J. Sømme
— SKRÆDDER —
Nedre Strandgt. 8 II

Telefon nr. 2264.

SIGURD SØMME & Co.
SNEDKERFORRETNING
: BADEHUSGATEN 2 — STRØMSTENEN ::
Telefon 3086

Spesialitet:
Dører, Vinduer & Trapper
1ste Kl.s Arbeid

All ny literatur

John Larssen

Bokhandel
Kirkegaten 11

Jakobsens Magasin

- Nygaten 5 -

Byens største
utvalg i :: ::

Galanteri- & kortevare.

Sort hyldebærsaft

utmerket middel
- mot gift -

faaes hos

BERNT PEDERSEN & Co.
Nygaten 16 :: Stavanger

**NORSK ELEKTRISK
& BROWN BOVERI**

KIRKEGATEN 39
STAVANGER

**ELEKTRISK MATERIEL
ELEKTRISK UTSTYR**

PETROLEUMSLAMPER
STENTØI & GLAS

STORT UDVALG

HANDLENDE HØI RABAT.

S. GITLESEN

:: :: ØSTERVAAG 41 :: ::

G. Hellstrøm & Co.

Guldsmedforretning

Stavanger

Hjørnet av Kirkegaten og Øvre Holmegate
(ret overfor Matstova)

Telefon 186

GODTFOLK!

Naar De skal hava brudlaup, barsøl eller anna gjestelag,
so hugs at De fær dei beste drikkevaror hjaa meg

Løna med fleire medaljor

Telefon
727 k

GUNNAR LØVIK

Telefon
727 k

KONGSGATA 36

MURMESTER

AKSEL NJAA

Bygningsartikel-
forretning

STAVANGER

Telefon 885 - 2485

Kjøp og bruk alltid

Johs. Mælands
hermetik & ansjos

som nu har vundet

:: indpas overalt ::

HELCO Sigarfabrikar

grunna for yver 150 aar sidan
er verdskjende for skuld deira sers gode sigarar til rimelege prisar.

Kvar kassa er merkt HELCO.
Kjøp Helco-sigarar ein gong, so
kjem De til aa røykja berre Helco.

HELCO-sigarar er til sals hjaa dei fleste tobakshandlarar i Stavanger.